

# Rådmannsutvalget

## Referat

**Møtetidspunkt:** Fredag 04. januar 2019 kl. 1230-1530

**Møtestad:** Otta (Regionkontoret)

**Desse møtte:** Halvor Nissen (leiar), Jan Egil Fossmo, Solveig Nymoen (for Kaija Eide Drønen), Heidi Skaug, Ola Helstad og Svein Holen.

**Til møtet låg det føre følgjande innkalling frå leiaren:**

Sak nr.	Tema/sak	Diverse	Oppfølging
01/2019	Godkjenning av innkalling/saksliste, samt referat fra 30112018		
	<b>Vedtak:</b>		
02/2019	Aktuelle høringer; <ul style="list-style-type: none"><li>Fjellov,-ny(28022019)</li><li>Drosjereg,-ending(01012019)</li><li>USS,- i relasjon til regionreformen(11022019)</li></ul>	Fjellstyrene utfordres(Frode) Blir ikke utarbeidet hørings svar ?	
03/2019	Valg av leder/nestleder + RU Oppland	Halvor	
04/2019	Orienteringer/referatsaker/drøftinger/diverse <ul style="list-style-type: none"><li>Orientering; felles innkjøpsstrategi</li><li>Orientering; regional digitaliseringsstrategi</li><li>Orientering; NGLMS,- bu 2019 og LVV/IMS,- veien videre?</li><li>Orientering; NTNU,-noe nytt?</li><li>Orientering; felles sentralbord</li><li>Orientering; møter KS-RU 2019;<ul style="list-style-type: none"><li>➤ 17.januar kl.1000-1300(Hamar)</li><li>➤ 14.mars kl.1300-1600(L.hammer)</li><li>➤ 14.mai kl.1200-1600(Hamar)</li><li>➤ 13.september kl.1000-1300(L.hammer)</li><li>➤ 14.november kl.1300-1600(Hamar)</li></ul></li><li></li></ul>	Eric Lindseth Egil Barhaugen Kaija Frode Ola Ola	

Utsendt 20122018/hn

## Til møteagendaen:

- Orientering NTNU: Frode Damstuen hadde meldt forfall til møtet pga. sjukdom.
- Orientering felles innkjøpsstrategi: Epost frå Jan Egil Fossmo dagsett 03.01.2019: «Pga sjukdom har vi ikkje klart å avholde fagrådsmøte som avtalt. Ber derfor om at innkjøpssjefen kjem på neste RU møte. Fagrådet skal ha sitt avklarende møte 11. januar.»

## Møtereferat:

Sak nr.	Tema/sak	Diverse	Oppfølging
01/2019	<p><b>Godkjenning av innkalling/saksliste, samt referat fra 30112018</b></p> <p><b>Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjent, jf. likevel merknadene under «Tilmøteagendaen» ovanfor.</b></p>		
02/2019	<p><b>Aktuelle høyringar:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ny fjellov</li> <li>• USS</li> <li>• Regional transportplan</li> <li>• Innlandet Politidistrikt: Grensejustering av namsdistrikt</li> </ul>	<p>Høyringsfristen er sett til 12.02.2019.</p> <p>Regionsjefen blir beden om å søkje om utsett frist, med tanke på felles saksframstilling og vedtak i regionen.</p>	<p>Regionsjefen Regionsjefen Arbeidsutv.</p>
03/2019	<p><b>Val av leiar, nestleiar + representant til RU i KS</b></p> <p><b>Vedtak</b></p> <p>Leiar RU: Jan Egil Fossmo (2019 – 2020)</p> <p>Nestleiar: Heidi Skaug (2019 – 2020)</p> <p>KS sitt rådmannsutval: Ola Helstad (2019 – 2020)</p>		<p>Regionsjefen 6K Økonomi</p>
04/2019	<p><b>Orienteringssaker/diverse:</b></p> <p><b>Felles sentralbordteneste i regionen:</b> Trond Byre Haagensen frå Lom kommune deltok og orienterte om moglegheitene for å etablere felles sentralbord i regionen.</p> <p><b>Konklusjon:</b> Det vart signalisert positiv interesse for å få eit tilbod frå Lom frå dei øvrige kommunane.</p> <p><b>Regional digitaliseringsstrategi:</b> Egil Barhaugen orienterte om status i arbeidet med regional digitaliseringsstrategi, og ba om vurdering av mandat for det vidare arbeidet.</p> <p><b>Konklusjon:</b> Den regionale digitaliseringsgruppa får i oppdrag å utarbeide forslag til forsterka mandat for det vidare arbeidet til neste RU-møte. Egil Barhaugen blir beden om å innhente opplysningar frå samarbeidsprosjektet med NTNU om velferdsteknologiplattforma, og om staus i tilgjengeleg eksterne midlar til digitalisering.</p> <p><b>Orientering om NGLMS og budsjett m.m.:</b> Ein har nå gått tilbake til organiseringa med ein eigen avdelingsleiar for legevaktvarslinga, jf. at det har vore felles leiar for sengeavdelinga og legevaktvarslinga ei tid. Proessen som SI har vedk. Bredebygden og tilbodet innan psykisk helse: SI har oppnemnt ei arbeidsgruppe som skal levere på eit mandat innan første halvår 2019. Det vil kunne få betydning for SI sitt ønskje om etablering av tilbod i samband med pågåande utredningsarbeid i Sel i tilknytning til NGLMS. Det er lagt til rette for fire korttidsplassar for Vågå kommune.</p> <p><b>Datoar for møte i KS sitt rådmannsutval vart referert.</b> Svein ba om at bekymringar knytt til endringar i IA-avtala blir tatt opp der.</p> <p><b>Eigarmøte Innlandet Revisjon:</b> Eigarmøte 14. februar 2019. Arbeidet fram til eigarmøtet er i prosess.</p> <p><b>Status regionalt lærlingkontor:</b> Vågå og Lom kommunar er med i ordninga. Dei andre kommunane ønskjer ikkje å slutte seg til felles lærlingkontor.</p> <p><b>Evaluering av førjulssamling for rådmenn og leiargrupper i desember 2018:</b> RU oppsummerer samlinga som vellykka.</p>		

Ref: Svein Holen